



# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 19/435 -  
Arkivkode: 360

---

Sakshandsamar: Ingvild Aslaksen Hustad

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 28/19	TENESTEUTVALET	03.09.2019

### HØRING - FORSLAG TIL NY BARNEVERNENSLOV

**Vedlegg:** HØRING - FORSLAG TIL NY BARNEVERNENSLOV(780488)(1).PDF

### SAKSUTGREIING:

Barne og likestillingsdepartementet har sendt framlegg til ny barnevernslov på høyring med høyringsfrist 01.08.2019. Kommunen har fått utsett frist til politisk handsaming til 15 september, men med krav om at administrativt framlegg vert sendt innan fristen 1 august. Lovframlegget er ei oppfølging av *NOU 2016:16 Ny barnevernslov- Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse*.

Framlegget til ny barnevernslov, er delvis allereie fulgt opp gjennom lovendingar som tredde i kraft i 2018 der barnevernslova vart ei lov om rettar for born, og born sin rett til medverknad vart styrkt. Framlegget til ny lov byggjer vidare på ei ytterligare styrking av borna sitt perspektiv og at barnevernet skal byggje på dei ressursar som allereie finnes rundt barnet. Framlegget til ny lov vidarefører grunnstamma i dagens lov, og regulerer dei same områda bygd på same grunnprinsipp. Framlegget inneber ei språkeleg og redaksjonell revisjon av lova med vekt på klårt språk og ei meir tilgjengeleg lov. På denne måten skal lova i større grad verke som eit verkty for barnevernet.

Høyringsuttalen vil verte handsama politisk av tenesteutvalet i utvalsmøte 4 september 2019. Tenesteutvalet sitt vedtak vert ettersendt til departementet. Rådmannen inntiller i samsvar med den mellombelse uttalen som er sendt inn:

### VEDTAK I TENESTEUTVALET:

Tysnes kommune ser på framlegget til ny lov som positivt ved at lova skal bidra til at kommunen styrkjer sitt førebyggjande arbeid generelt sett, og at barnevernstenesta sitt arbeid rettast inn mot dei borna og familiare som treng det mest.

Tysnes kommunen ser det positivt at barnet sitt behov for å bevare nære relasjonar og nettverk vert styrkt, og at barnet sin identitet og kulturelle, språklege og religiøse bakgrunn vert tillagt stor vekt.

Tysnes kommune støttar i stor grad opp om lovframlegget, og avgrensar sine merknader til følgjande kapittel i framlegget:

#### Kapittel 4 Akuttiltak

Tysnes kommune har som «Mitt liv» teneste, fylgt barnevernsproffane si tilråding om å nytta omgrepa «hasteflytting» og «hastevedtak» fordi det etter Proffane si meining, betre får fram realiteten i situasjonen med at det hastar med at noko vert gjort utan at det nødvendigvis er «akutt». Dette er også innarbeidd i Tysnes kommune sine rutinar som omgrep. Tysnes kommune oppmodar av den grunn om at omgrepet «hastevedtak» og «hasteflytting» vert nytta i den nye lova.

#### Kapittel 12 saksbehandlingsreglar

Innhaldet og oppbygginga av kapittel 12 om sakshandsamingsreglar, er ryddig og oversiktleg slik Tysnes kommune vurderar det. Særleg reglar om partsinnsyn og unntak frå rett til innsyn er tydeliggjort og forenkla, noko Tysnes kommune meiner vil bidra til større rettstryggleik for både born og foreldre, og sikre einsarta praksis i større grad på området.

Departementet legg fram forslag til ny regel om partane sine rettar til dokumentinnsyn og avgrensing i partane sine rettar til innsyn i § 12-5. Framlegget inneber at innsynsrett kan unndragast dersom innsyn kan føre til fare eller skade for barnet. Føremålet er å styrke borna sin rett til medverknad og leggje til rette for at born kan forklare seg til barnevernet i trygge rammer. Eit viktig mål med ny barnevernslov er å betre ivareta born som veks opp i to heimar.

Tysnes kommune støttar ein slik ny regel, og viser til at det kan vere vanskeleg for born å snakke med barnevernet om manglar i omsorgssituasjonen når ein veit at informasjon kan vidareførast til foreldra etter ein slik samtale. For at born skal kunne snakke ope om sin omsorgssituasjon, er Tysnes kommune oppteken av at det må skapast trygge rammer for borna i møtet med barnevernet. Dersom informasjon frå borna skal gå vidare til foreldra, må dette gjerast i samråd med og etter avtale med barnet.

Tysnes kommune er usikre på om formuleringa i § 12-5 trygger borna tilstrekkelig i samhandling med barnevernet. For å kunne avgrense innsyn etter gjennomført undersøking, er vilkåret at det må vere reell risiko for «fare eller skade». I vurderinga viser departementet til at moment som «*opplysningens karakter, foreldrenes tidlige og antatte atferd, opplysninger frå andre personer eller instanser, herunder sakkyndig*», vil vere av innverknad i vurderinga. Tysnes kommune er av den oppfatning at born kan oppleve det truande og ubehagelig å fortelje til barnevernet utan at det er kvalifiserer til ein «reell risiko». Born er ofte svært lojale mot omsorgsgjevarar, og tek i mange tilfeller eit stort ansvar for andre i nær relasjon til seg. Barnevernet må få lov til å beskytte informasjon i større utstrekning for at barn skal stole på og opparbeide tillit til barnevernet. Tysnes kommune ber derfor departementet vurdere om det bør presiserast eller lagast ein eigen regel om gradert partinnsyn ut frå omsynet til at born skal

føle seg trygge på korleis informasjonen frå dei skal forvaltast. Regelen må vere så presis og forklarande at familiar og born kan forstå bakgrunnen for den.

### Kapittel 15 Kommunens og barneverntjenestens ansvar og oppgaver

Kapittelet samlar reglar om kommunen og barnevernstenesta sitt ansvar og oppgåver.

Framlegg til § 15-1 lovfestar mellom anna krav om at kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid med barn, noko som skal bidra til integrering av barnevernet sitt arbeid i kommunen sin øvrige barne- og oppvekstpolitikk. Planen skal beskrive ansvar, organisering, leiing og samarbeid mellom dei ulike etatane.

Tysnes kommune støtter formålet med framlegget med å understreke og styrke kommuneleiinga sitt ansvar for den overordna styringa av barnevernstenesta, men stiller seg kritisk til at framlegget vil kunne medføre at politiske og administrative, etter eit rettsleg grunnlag, skal kunne instruere og overprøve barnevernleiar. Tysnes kommune stiller seg undrande til korleis kommunestyret skal kunne «instruere og overprøve» utan å gå inn i enkeltsaker? Tysnes kommune saknar ei presisering av korleis denne opninga i lova er meint å forvaltast i praksis.

Framlegg til § 15-2 handlar om å identifisere behova i befolkninga, sørgje for at det finnes relevante tilbod frå ulike instansar og leggje til rette for samarbeid mellom ulike tenester. Kommunen står fritt til å organisere arbeidet med utgangspunkt i lokale forhold og omsyn.

Med denne formuleringa, er det opp til kvart kommunestyre å bestemme organisering av arbeidet; t.d. er det ingenting i veien for at kommunen avgjer å nytte tilsette i barnevernet til kommunalt tilbod om foreldrerettleiing til foreldre utan vedtak om tiltak etter lova. Eller at tenesta saman med andre kommunale tenester gjev rettleiing og støtte opp mot skular og barnehagar for å utvikle gode oppvekst- og læringsmiljø.

Det er opp til den enkelte kommune å vurdere kva rolle barnevernet skal ha ut over sine lovpålagte oppgåver, og kva rolle andre tenester skal ha. Tysnes kommune meiner at eit godt førebyggjande arbeid må vere tufta på at det er tydelig definert kva roller ulike instansar har i det samla tilbodet, og at tenestene er dimensjonert, slik at barnevernet og andre tenester har tilstrekkelig kapasitet og kompetanse til å tilby den hjelpa og oppfølginga som er naudsynt til rett tid.

### Økonomiske og administrative konsekvensar.

Tysnes kommune er av den oppfatning av at utvalet også bør kunne gjere ei meir konkret vurdering/anslag av kva meirutgifter eller innsparingar som lovframlegget vil medføre.

Tysnes kommune meiner at fleire av lovframlegga vil føre til auka utgifter på grunn av auka krav til oppfølging av born og foreldre, auka kompetanse til forvaltning av regelvert, og såleis eit opplæringsbehov, samt auka krav til tverrfagleg samarbeid og koordinering av førebyggjande arbeid. Utvida aldersgrense for rett til ettervert til 25, vil også medføre auke i utgifter.

Tysnes kommune, meiner at framlegget til lovendring også må følgjast opp med framlegg til statleg finansiering.